

ADRESSE COWI AS
Richard Johnsns gate 12
4021 Stavanger
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DESEMBER 2019
HÅ KOMMUNE

DETALJREGULERING

REGULERINGSPLAN FOR GS-VEG BRUSAND, HÅ KOMMUNE

FØRESEGNER

PLANID: 1194

OPPDRAKSNR. DOKUMENTNR.

A123567 1

VERSJON	DATO	OMTALE	UTARBEIDA	KONTROLLERT	GODKJENT
Utkast	13.12.2019	Føresegner	TODY	MIBG	MIBG

§ 1. PLANENS HENSIKT

Hensikta med planen er å leggje til rette for etablering av gang- og sykkelveg langs nordsida av Fv.44 Nordsjøvegen, ei strekning som på ca. 430 meter.

§ 2. FELLESFØRESEGNER

2.1 Generelt

Alle arealformål merka med o_ regulerast til offentlege anlegg.

2.2 Universell utforming

Universell utforming skal vere eit berande kvalitetsprinsipp for anlegget. Tiltaka skal vere tilpassa bevegelses-, orienterings- og miljøhemma.

2.3 Landskapstilpassing

Eksisterande større tre, steingardar og gjerder skal så langt det er mogleg takast vare på. Dersom det oppstår konflikt med tiltaket skal dei reetablerast langs gang- og sykkelvegens skråningsfot.

2.4 Teknisk infrastruktur

Ved gravearbeid skal eksisterande teknisk infrastruktur takast vare på.

2.5 Offentleg vegareal

Tekniske detaljplanar for alt nytt eller endra offentleg vegareal skal godkjennast av vegmynde før det kan gis igangsetjingsløyve.

2.6 Samferdsel

Innanfor hovudformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur tillatast det mindre justeringar mellom underformåla dersom justeringane gir ein meir funksjonell veg- og trafikksituasjon.

2.7 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid innanfor planområdet vert avdekt automatisk freda kulturminne, skal ein straks stanse opp med arbeidet og varsle kulturvernmynde, som omtala i Lov og kulturminne § 8, ledd nr.2.

2.8 Anleggsfase

Massar som vert grave vekk skal sidelagrast og førast tilbake der det er mogleg.

Avrenning til vassdrag i anleggsfasen skal avgrensast. Det er viktig at tilhøva i tilstøytane vassdrag ikkje blir forringa som følgje av planlagde tiltak.

2.9 Støy

For å oppnå tilfredsstillande forhold skal støygrenser som angitt i Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen T-1442 leggjast til grunn.

2.9 Luftkvalitet

For å oppnå tilfredsstillande forhold skal luftkvalitetsgrenser som angitt i Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanleggingen T-1520 leggjast til grunn.

§ 3. REGULERINGSFORMÅL

3.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr.1)

- › Bustader
- › Næringsbygningar
- › Kombinert byggje- og anleggsformål

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr.2)

- › Køyreveg
- › Gang- og sykkelveg
- › Annan veggrunn - grøntareal

3.3 Grøntstruktur (PBL § 12-5 nr.3)

- › Turveg

3.4 Omsynssoner (PBL §§ 12-6 og 11-8)

- › Frisikt (PBL § 11-8, A1)

3.5 Føresegnområder (PBL § 12-7 og 11-9)

- › Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (PBL § 12-7, 2)
- › Midlertidig bygge- og anleggsområde (PBL § 11-9, 4)

§ 4. FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

4.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr.1)

4.1.1 Bustader (B1-2)

For areal regulert til bustader vert føresegna i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplan gjort gjeldande, dersom dette ikke strid mot føresegna gitt i denne detaljreguleringa.

4.1.2 Næringsbygningar (BN)

For areal regulert til næringsbygningar vert føresegna i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplan gjort gjeldande, dersom dette ikke strid mot føresegna gitt i denne detaljreguleringa.

4.1.3 Kombinert byggje- og anleggsformål (BKB)

For areal regulert til kombinert byggje- og anleggsformål vert føresegna i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplan gjort gjeldande, dersom dette ikke strid mot føresegna gitt i denne detaljreguleringa.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr.2)

4.2.1 Køyreveg (o_SKV-2)

Køyreveg skal behaldast som dagens situasjon som vist i plankartet. Mindre justeringar av eksisterande vegar tillatast om det er naudsynt ved etablering av gang- og sykkelveg.

4.2.2 Gang- og sykkelveg (o_SGS1-2)

Gang- og sykkelveg skal opparbeidast som vist i plankartet med ei totalbreidde på 3.5 meter, inkludert 0.25 meter skulder på kvar side.

4.2.3 Annan veggrunn – grøntareal (o_SVG1-6)

Innanfor areal regulert til annan veggrunn – grøntareal tillatast naudsynte skjeringar og fyllingar, tekniske installasjonar og liknande som ikkje er til hinder for områdets bruk som del av trafikkområdet. Det skal leggjast til rette for reetablering av stadeigen vegetasjon.

o_SVG2 og o_SVG5 skal ha ei minimumsbreidde på 3 meter som sikrar tilstrekkeleg rabatt/grøft mellom køyreveg og gang- og sykkelveg.

Innanfor areal avsett til annan veggrunn – grøntareal tillatast det naudsynte terregnmessige tilpassingar av gang- og sykkelvegen og mellomlagring av masser.

4.3 Grøntstruktur (PBL § 12-5 nr3)

4.3.1 Turveg (GT)

Turveg skal sikre vidare tilkomst nord for planområdet. Det tillatast ikkje etablering av vegetasjon eller liknande innanfor dette arealet, som kan vere til hinder for tilkomst til turvegen.

4.4 Omsynssoner (PBL §§ 12-6 og 11-8)

4.4.1 Sikringssone - Frisikt (H140)

I områda som er underlagt frisiktsone H140 skal det vere fri sikt i ei høgde frå 0.5 til 2.7 meter over tilstøytane vegbaner. Enkeltståande tre, stolpar og liknande kan stå i sonene. Enkeltståande tre i sonene bør oppstammas slik at trekrona ikkje hindrar sikt.

4.5 Føresegnsområder (PBL § 12-7 og 11-9)

4.5.1 Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (#1)

Innanfor føresegnsområdet #1 kan leikehytta fjernast/flyttast om det oppstår konflikt med etablering av gang- og sykkelvegen.

4.5.2 Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (#2)

Innanfor føresegnsområdet #2 kan det etablerast støyskjermande tiltak. Tiltaket kan utformast som støyvoll, støyvoll med skjerm eller berre støyskjerm. Konkret utforming må avklarast i samråd med grunneigarar. Dersom tiltaket er søknadspliktig, vil utforming og utføring fastsetjast gjennom byggesakshandsaminga og eventuell planbehandling etter Plan- og bygningslova.

4.5.3 Midlertidig bygge- og anleggsområde (#3-4)

Areal innanfor området som er avsett til midlertidig bygge- og anleggsområde kan nyttast i perioden **01.09.2020 til 01.09.2030**.

Innanfor perioden kan områda nyttast som anleggsområde for utbygging av planlagde tiltak. Areala kan også nyttast til mellomlagring av masser, materiale, maskiner, utstyr og liknande, samt manøvrering av maskiner og mannskap som er nødvendig for å etablere tiltaka.

Areala skal tilbakeførast til planlagde arealformål etter tiltaka er ferdig opparbeidd. Områda skal opparbeidast med minimum tilsvarende kvalitet som eksisterande situasjon, i samråd med grunneigarar.

§ 5. REKKEFØLGJEFØRESEGNER (PBL § 12-7, NR. 10)

- (1) Før det gis rammeløyve skal det føreligge godkjent VA-rammeplan.
- (2) Innan eitt år etter at gang- og sykkelvegen er opna for ferdsel skal areal, større tre, steingardar og gjelder som er råka av anleggsarbeid og tiltaket elles revegeterast og istandsetjast til planlagde arealformål.
- (3) Før oppstart av anleggsarbeidet skal det utarbeidast ein massedisponeringsplan som vise kor og korleis overskotsmasser frå planområdet skal disponerast. Planen skal sendast til kommunen for godkjenning.